

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 14. oktober 2019
Kl: 13:00
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Riple
Ådland, Olav Steinar Namtvedt, Vilgerd Storset Husa, Reidar Hjertås
(vara)
Møteleiar: Lovisa Midtbø
Forfall: Ingen
I tillegg møtte: Janne Eraker (revisjonssjef), Ragnhild K Høyland (tilsette sin
representant), Jorund Stellberg (styreleiar NHR AS)

SAKSLISTE:

Sak 30/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.
Sak 31/19 Godkjenning av møteutskrift av 02.09.19.
Sak 32/19 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr. 31.08.19
- Orientering om status samanslåing
- Årsplan for styret 2020

Sak 33/19 Styrets arbeidsmåte og hovedfokus
Sak 34/19 Gjennomgang internkontroll
Sak 35/19 Budsjett 2018
Sak 36/19 Økonomiplan 2020-2024
Sak 37/19 Eventuelt

Lovisa Midtbø ynskte velkommen til møtet.

Sak 30/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og sakliste.

Sak 31/19 Godkjenning av møteutskrift av 02.09.19.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 02.09.19 vart godkjent.

Sak 32/19 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr. 31.08.19

- Orientering om status samanslåing
- Årsplan for styret 2020

Samrøystes vedtak:

Styret tek meldingar til etterretning.

Oppdatering av styringsdokument vert lagt til sakslista for neste møte.

Sak 33/19 Styrets arbeidsmåte og hovedfokus

Revisjonssjef og tilsette sin representant deltok ikkje i denne saka. Styret vurderte risiko og fokusområder og evaluerte arbeidsmåte. 2019 har vore eit spesielt år for selskapet med utfordringar på fleire plan.

Styret ynskjer at selskapet skal vidareførast. Dette arbeidet vil gå via to spor, kommunal revisjon og privat marknad. Det arbeidast parallellt med samanslåing med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, og styret er positive til samanslåing.

Samrøystes vedtak:

Evaluering og kommentarar blir teke omsyn til i styret sitt vidare arbeid.

Sak 34/19 Gjennomgang internkontroll

Vedlagt innkalling var det sendt ut revisjonssjef si vurdering av internkontroll med grunnlag i vedteken strategiplan for selskapet.

Samrøystes vedtak:

Styret er samd i revisjonssjef sine vurderingar av internkontrollen i selskapet. Eit punkt om GDPR – rutiner for personvern, vil bli inkludert i dokumentet.

Sak 35/19 Budsjett 2020

Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til budsjett 2020.

Styret gjekk gjennom og kommenterte budsjettet.

Samrøystes vedtak:

Framlegg til budsjett 2020 er vedteke av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Styret sitt vedtekne budsjett er vedlagt møteboka.

Sak 36/19 Økonomiplan 2020-2024

Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til økonomiplan 2020 – 2024.

Styret gjekk gjennom og kommenterte framlegg til økonomiplan.

Samrøystes vedtak:

Framlegg til økonomiplan 2020 – 2024 er vedteken av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Styret sin vedtekne økonomiplan er vedlagt møteboka.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 02.12.2019.

Knarvik, 14.10.2019

Lovisa Midtbø

Lovisa Midtbø
Styreleiar

Magne Rifsgård

Magne Rifsgård
Nestleiar

Vilgerd Storset Husa

Vilgerd Storset Husa

Margrethe Riple Ådland

Margrethe Riple Ådland

Olav Steinar Namtvedt

Olav Steinar Namtvedt

Janne Eraker

Janne Eraker
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor